

Jacob Traasdahl – kristendomsforståinga og kyrkjesynt

Av Johannes Kleppa

Det hender at ein får uventa spørsmål. Slik var det for meg då eg fekk spørsmål om å skriva ein epistel i festskriftet til Roald Flemestad som er 70 år "omtrent på denne tida". Nokre gongar er slike overraskande spørsmål problematiske og andre gongar er dei gledelege, og for meg var dette spørsmålet av den siste kategorien. Eg bidreg gjerne med ein hyllest til den gode Roald, om det er mogleg. Rett nok har eg ikkje hatt så svært mykje med mannen å gjera, men den kontakten eg har hatt, har alltid vore hyggeleg og positiv, anten det var vore i det gammaldagse og personlege møtet der vi har sett kvarandre i andletet, eller på den moderne og upersonlege måten via mail – eller skjermpost. Så gratulerer med 70 år, Roald!

No er jo situasjonen også slik at herr Flemestad er biskop i Den nordisk-katolske kyrkja (DNKK), medan undertekna er lekmann i Bedehus-Noreg. Vi står difor i kvar vår posisjon når det gjeld kristendomsforståing, men det er det mogleg å leva med i respektert usemje. Vi står vel begge for ei rimeleg sterk overtiding i vår kristendomsoppfatning. Det er dessutan slik at Roald er ein svært lærd teolog, medan eg er ein middelhavsseglar med eit mellomfag i kristendom i bagasjen – eg har forresten også to år på Bibelskulen i Bergen (den som no er på Bildøy), og eg lærte minst like mykje på det lekmanorienterte skuleopplegget som på det akademiske NLA-mellomfaget. Eg les og høyrer alltid teolog Roald med stor interesse og til lærdom, særleg det som gjeld idéhistorie og kulturkritikk.

Sidan vi står så pass teologisk ulikt plassert, vert dette ei helsing frå ein av dei mest lågkyrkjelege i landet til ein av dei mest høgkyrkjelege. Sjølv om eg står nederst på kyrkje- og embetsstigen eller kanskje heilt på marka, og jubilant står på toppen – for ikkje å seia at han svevar over, vonar eg avstanden ikkje er større enn at det er mogleg å høyra kva som vert sagt der nedafrå, særleg om eg ropar litt høgt! Eg har ikkje tenkt å tilpassa meg jubilanten i det eg skriv, heller tvert imot! Eg har tenkt å presentera ein alternativ evangelisk-lågkyrkjeleg posisjon til det nordisk-katolske og til det høgkyrkjelege. Det vert altså ei helsing frå det pietistisk-roseniansk-luthersk-lågkyrkjeleg til det halvkatolsk-sakramentorientert-høgkyrkjelege. Eg trur også det er slik biskopen helst vil ha det!

I mailen eg fekk, var "bestillinga" til denne artikkelen: "Temaet kan gjerne vere noko i retning av "Mitt møte med det/dei høgkyrkjelege". Eller anna fritt vald tema som anten passar inn under kyrkjekamp eller spiritualitet, eller begge delar."¹ Ut frå det opplegget eg har vald, vert det ikkje ei skildring eller vurdering av mitt møte med det eller dei høgkyrkjelege, men eg utfordrar DNKK-biskopen med ei rosenianskprega kristendomsforståing og med den kyrkje- og embetstenkinga som denne historisk er berar av på Vestlandet.

Eg har vald å bruka Jacob Traasdahl (1838 – 1903) som innsteg til denne problemstillinga. Det har i hovudsak to grunnar. Det første og grunnleggjande er at Traasdahl, etter mi vurdering, er den som i sterkast grad har prega kristendomsforståinga, vekkingslivet og lekmanrørsla på Vestlandet frå rundt 1870 og framover. Det skal eg koma attende til. Den andre og meir utløyssande – og litt humoristiske – grunnen til valet, var at eg litt etter eg hadde fått spørsmålet om denne artikkelen, sendte ein mail og bestilte det danske tidsskriftet "Nyt Liv", som i kristendomsforståing og kyrkjesynt i hovudsak er på line med det eg står for. Redaktøren av bladet, Mikkel Vigilius, skreiv her ein tredelt

artikkel om "Det almene præstedømme og det kirkelige embede"², som er omtrent i høgde med mitt syn.

I mailen kommenterte eg positivt Vigilius si bok "Kirke i kirken"³, som er ei litt omarbeidd utgåve av doktorgradsavhandlinga hans. Her presenterer han ulike kristenleiarar i Sverige, Danmark og Noreg og deira kyrkjesyn, og han viser kva det fekk å seia for ulike kristne organisasjonar og kva utvikling desse fekk fram til vår tid. Dette er eit imponerande arbeid, og så langt eg kan kontrollera, er det også svært korrekt i si framstilling og i dei analysane og vurderingane som vert gjorde. For vårt land presenterer han Hans Nielsen Hauge, Gisle Johnson, Ludvig Hope og Ole Hallesby, og han fylgjer dette opp ved å visa til syn og utvikling i Indremisjonsselskapet (Normisjon), Indremisjonsforbundet og Norsk Luthersk Misjonssamband. Som ein kommentar til valet av representantar for lekmannsrørsla i Noreg, skreiv eg – på bokmål, altså reservedansk, sidan det var til ein danske (!): "Rett nok er det slik at det er vanskelig å finne den beste representanten for kirkesynet som har rådet på Vestlandet. Hope er for så vidt grei nok, men han kom litt sent inn og var nok mer statskirkevennlig enn mange i indremisjonen. Jeg vil nok mene at den som sterkest har formet kristendomssynet i det lavkirkelige kristenlivet på Vestlandet, er Jacob Traasdahl. Det gjelder også kirke- og embetssynet."⁴

Då fekk eg svar tilbake at det var "100 prosent nyt" for Vigilius at Traasdahl hadde prega Vestlandets kyrkjesyn. Han hadde tenkt at Trassdahl, på same måten som Carl Olof Rosenius, hadde gjeve kyrkje- og embetssynet låg prioritet, og han etterlyste litteratur som viste Traasdahls syn.⁵ Med det tok den gode doktorphilos meg på senga. Eg har lese ein god del av Traasdahl og arbeidd ein del med hans innverknad på kristenlivet på Vestlandet, men eg kunne ikkje på ståande fot gje referansar til litteratur som viste kyrkje- og embetssynet hans. Eg tenkte kyrkjesynet som del av den kristendomsforståinga Traasdahl stod for og innafor den lekmannsrørsla han verka i. Eg har etter det tenkt at eg fekk finna litt meir ut om Traasdahl og kyrkjesynet. Det gjer eg altså her, utan at eg har hatt høve til å gå gjennom alt materiale av og om han – det vert som ein smakebit. Slik sett er dette ei utfordrande helsing til den høgkyrkjelege Roald og eit orienterande svar til den lågkyrkjelege Mikkel! Elles har eg ein mistanke om at det hjå den allvitande biskopen er eit lite hol når det gjeld Jacob Traasdahl, hans syn og posisjon – og det er truleg det einaste holet eg kan vera med og fylla!

Jacob Traasdahl – ei biografisk skisse

Det er diverre ikkje skrive nokon biografi eller større presentasjon om Jacob Traasdahl (1838-1903). Det er heller ikkje skrive noko avhandling eller større analyse av kva han stod for og kva innverknad han fekk på kristenlivet i landet i vårt, særleg på Vestlandet. Det er eit stort sakn og eit usunt gap i den kyrkjhistoriske litteraturen. Han er meir eller mindre omtalt i historieskrift for ulike kristne organisasjonar, særleg for Indremisjonsforbundet og Bergens Indremisjon – og mest omfattande og profilert framstilt av underteikna i det kombinerte 100-årsskriftet for Haustmøtet i Bergens Indremisjon (BI) og 130-årsskrift for BI.⁶ Elles har H. G. Heggtveit skrive ein litt større og god artikkel, "Indremissionæren Jacob Traasdahl", som nok mange har henta stoff frå i sine presentasjonar av mannen.⁷ Traasdahl har med andre ord ikkje fått den plassen i norsk kyrkjhistorie som han fortener, og med det har heller ikkje den profileringa han tidleg gav lekmannsarbeidet på Vestlandet, kome til sin rett og fått sin posisjon. Det har fleire grunnar, men ikkje minst at mykje av kyrkjhistoria – som

den profane historia – i for stor grad er skriven med hovudstaden som utkikkspunkt og orienteringspunkt.

Traasdahl var frå ein haugiansk heim i Lesja i Gudbrandsdalen. Han reiste som ung mann til Fredrikstad for å gå i malarlære, og han vart ein habil kunstmalar som etterlot seg ei rekkje bilete.⁸ Der kom han på slutten av 1850-talet til liv i Gud via metodismen, og han var ei kort tid medlem i Metodistkyrkja. Han byrja nokså raskt å forkynna Guds ord og vart snart ein markant predikant. Vi skal ikkje fylgja predikantverksemda hans i noko omfang. Vi viser kort til at han verka i to periodar i Kristiansund med stor gjennomslagskraft, men samstundes møtte han sterk motstand frå den eldre og haugianskprega garden. Det kom til oppgjer, og ein gong vart faktisk lyset sløkt på bedehuset for han.⁹ Traasdahl og den forkynninga han stod for, vart for ei tid nekta på bedehuset!¹⁰

Mellom dei to periodane verka han i Sverige, i nær kontakt med Carl Olof Rosenius (1816-1868). Denne verksemda var etter kall derifrå og etter at han hadde samarbeidd med Oscar Ahnfelt (1813-1882) i Kristiansund. I denne perioden utvikla han seg særleg som forkynnar.¹¹ I samband med tida i Sverige verka han også noko i Danmark, og han fekk etter måten sterk innverknad der. Sin bakgrunn i haugianismen bar han med seg heile livet, ikkje minst i eit allsidig syn på menneskelivet og djupt etisk alvor¹², men det var likevel åndsmiljøet i Gøteborg og samarbeidet med Rosenius som kom til å forma og prega hans åndelege syn, hans kristendomsforståing og hans forkynning. Det kom særleg til syne då han kom tilbake frå Sverige, og etter eit kort opphald i Kristiansund, kom til Bergen i 1870 – og hadde Bergen og Bergens Indremisjon som sin hovudbase nesten til sin død. I Kristiansund vart han kjend og gift med Anna Christine Hoseth, som vart ein viktig medarbeidar for han, særleg i hans litterære arbeid. I 1898 vart han enkemann, men gifta seg etter kort tid oppatt med Berthine Widerøe frå Ålesund. For å få arbeidsro med tanke på sine litterære arbeid, flytta han ut av Bergens sentrum og budde den siste tida i Norheimsund.

Traasdahl hadde altså sin hovudbase i Bergens Indremisjon. Han kom då i sterk grad til å prega denne førande indremisjonsforeininga med forkynninga si og med det åndelege synet han stod for. Dette fekk ringverknader på ulike måtar. Det kom på denne tida (og seinare) mange frå ulike stader på Vestlandet for å arbeida i Bergen, og ein god del av dei var meir eller mindre pendlarar. Ikkje få av desse kom til omvending og nytt liv gjennom vekkingane i BI, og med det vart dei fødde inn i og forma av Traasdahls forkynning og kristendomsforståing. Dei tok vekkingsgneisten med seg til heimstaden sin, og med det tok dei også med seg åndspreget frå Bergen. Traasdahl og emissærane i BI verka dessutan mykje i Bergens omegn og vidare ut over.

Det gjekk ein åndeleg straum frå BI ut over Vestlandet, og denne straumen var i stor grad forma av Traasdahl og var roseniansk i sin struktur. Traasdahl vart på denne tida rekna som Vestlandets fremste predikant og skribent¹³, og han førte forkynninga frå ein lovisk tendens til ei klart evangelisk form. Sjølv om fleire medverka til dette, ikkje minst P. G. Sand, hevdar Andreas Lavik at "ingen kan her sidestilles med Traasdahl"¹⁴ – og det er knapt nokon som betre kan vurdera dette enn Lavik.

Lavik påpeikar at det hadde vore ei endring i tydelegare evangelisk lei innan haugianismen dei siste åra, men det var ved Traasdahl dette fekk fullt gjennomslag, spesielt for Vestlandet. I minneordet etter Traasdahl knyter Lavik dette særleg til opphaldet i Sverige:¹⁵

”Kommet tilbake fra Sverige lød hans forkynnelse av evangeliet med en sådan friskhet, klarhet og kraft, at mangfoldige sjeler løstes, priste Herren og levde et bevisst nådeliv med Åndens vitnesbyrd i sitt hjerte. Guds folk fornyedes og ble mer frimodige i Herren.”

BI hadde mange forkynnarar på denne tida, på det meste var det 14 emissærar, og desse reiste over store delar av Vestlandet – spesielt der det var kontakt med Bergen via arbeidsmarknaden. Desse emissærane hadde ofte site under Traasdahls talarstol, og var prega av forkynninga hans. Også Traasdahl reiste mykje som forkynnar, særleg på stormøte og årsmøte, og fekk slik stor påverknad rundt om. Dessutan samarbeidde han godt og tett med andre som stod for same kristendomsforståinga, slik som P. G. Sand, som stod i fleire store vekkingar på Vestlandet, spesielt på Sunnmøre – vekking med Sand vart gjerne kalla ”sandstormen”.

I tillegg til eiga forkynning i Bergen og andre stader, og ved å forma andre forkynnarar, fekk Traasdahl også stor innverknad ved at han gav ut tre blad: ”Duen”, ”Familievennen” og ”Fredsbudet”. Det siste var særleg viktig, og det gjekk seinare inn i Indremisjonsselskapets blad ”For fattig og rik”. Innhaldet i desse blada var klart roseniansk, og dei vart viktige kanalar for rosenianismen inn i norsk kristenliv, tilsvarende som bladet ”Budbæreren”. I blada skreiv Traasdahl fleire forteljingar som fylgjetongar, og nokre av desse vart seinare utgjevne som bøker, og dei kom i store opplag. Viktigast av desse er truleg ”Åndelige brytninger”, som kom i eit opplag på over 80.000.¹⁶ Traasdahl gav også ut to postillar der han gjekk gjennom preiketekstrekjene, ”Livet i Guds Søn” – siste bandet i samarbeid med P. G. Sand. Det er truleg det mest teologisk gjennomarbeidde og profilerte frå Traasdahls penn, særleg med tanke på Kristus-forkynninga.¹⁷

Ut over dette var Traasdahl også aktiv i andre kristne samanhengar, og han medverka til ulike arbeidsgreiner i BI. Han fekk i gang søndagsskule, og han var ei drivkraft i dette arbeidet. Han samla søndagsskulelærarane til gjennomgang av bibeltekstane dei skulle undervisa i, og med det fekk barna tidleg inn den kristendomsforståinga han stod for.¹⁸ Ved hans død var det 3000 barn og 100 lærarar i Bls søndagsskule. BI starta også bibelskule, indremisjonsskule eller emissærskule i 1888, og der var Traasdahl lærar. Denne skulen var ikkje i drift kvart år, men han hadde mykje å seia, og DVI overtok seinare drifta av denne.

Traasdahl var dessutan aktiv i Israelsmisjonen, Misjonsselskapet og Santalmisjonen, og han var aktiv i oppstarten av Den Indre Sjømannsmisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband (då: Kinamisjonsforbundet). Særleg dei to siste vart frå starten sterkt roseniansk orienterte ut frå at dei vart starta i Bergen i Traasdahls tid og ånd.

Traasdahl var også med då Det Vestlandske Indremisjonsforbund (DVI, no: Indremisjonsforbundet, ImF) vart skipa i 1898, men det var nett på den tida han flytte frå byen, og han døde få år seinare. Han fekk difor ikkje posisjonar i DVI, men han var som person med og gav autoritet til skipinga av organisasjonen, og han var med på å peika ut den åndelege kursen for DVI – og her var kyrkje- og embetstenkinga svært tydeleg og medviten like frå dag ein, saman med den pietistisk-rosenianske utgåva av lutherdommen meir generelt. Dei vel første femti åra vart DVIs søge i stor grad ei vekkingsøge i arven frå BI og Traasdahl.

Dr. teol, sokneprest og bibelskulelærar Bernhard Eide skildrar skipingsmøtet for DVI 18. okt. 1898 i Misjonshuset i Bergen, og han nemner namn på fleire vyrde menn som var med, og skriv mellom anna: ”Der sat gubbar som Jakob Traasdahl.”¹⁹ Gubben Traasdahl var då nett 60 år – altså nøyaktig

like gamal som underteikna med sitt skjegg er ved nedskrivninga av desse linene! Eg skal ut frå dette avstå frå karakteristikkar av 70-årsjubilanten! Det var Andreas Lavik som heldt dei profilerande føredraga ved skipinga, det var han som styrde skipingsmøte og det var han som vart den formande krafta dei første 20 åra for DVI – og han var i stor grad på si side forma av Jacob Traasdahl.

Traasdahls profilerande påverknad

Etter denne korte biografiske skissa av Jacob Traasdahl, hans virkeområde og påverknad på kristenlivet på Vestlandet, skal vi gå noko djupare inn på det siste. Då er det viktig å ha klart føre seg at dei omlaga 30 åra Traasdahl verka ut frå BI og Bergen, var sjølve oppstartsperioden, smeltedigelen og formingstida for lekmannsrørsla i landet vårt, slik vi seinare kjenner henne – altså slik ho vart forma etter den haugianske perioden. På denne tida vart dei første foreiningane for indre- og ytre misjon starta rundt om i mange bygder, mange stader fekk sine første bedehus, mange fellesforeiningar og krinsar for ulike arbeidslag vart danna og fleire landsomfattande organisasjonar vart skipa. Dessutan fekk vi på denne tida dei mest omsegripande vekkingane vi til no hadde hatt, og desse kom i stor grad ut frå roseniansk forkynning og kristendomsforståing. Rett nok var det skipa nokre foreiningar og bygde nokre få bedehus før dette, og vi hadde Det Norske Misjonsselskap (NMS) frå 1842. Det hadde også vore ein del haugiansk vekking, men desse vekkingane hadde ikkje det omfanget og løyste ikkje ut eit slikt omfattande arbeid som frå slutten av 1800-talet og inn på 1900-talet.

Påfallande mykje av det som såg dagens lys innan lekmannsarbeidet hadde sitt opphav i eller tilknytning til Bergen – og stod med det i eit direkte forhold til den åndspåveknaden og åndsmakta som gjekk ut frå Jacob Traasdahl og den kristendomsforståinga han representerte. Kor vi snur og vender oss, ser vi "gubben" Traasdahl! Bergen er på denne tida omtalt som indremisjonens hovudstad, som Stavanger var ytre misjonens. Traasdahl verka altså i Bergen i den kyrkjehistorisk sett mest strategiske tida med tanke på lekmannsrørsla, vekkingslivet og bedehuset, og han var mannen med den rette utrustninga inn i denne tida – og eg vil leggja til: mannen med det rette åndelege synet. Det kan ikkje vera tvil om at nett den kristendomsforståinga og den forkynninga han representerte, var sterkt medverkande til utløyninga av dei åndskreftene vi fekk på denne tida, og med det for vekkingslivet og lekmannsarbeidet i det heile – inkludert eit omfattande diakonalt arbeid og etter kvart skulearbeid. Traasdahl med sin rosenianisme var med det både ei utløyande og ei formande kraft med djup, brei og varig verknad. Dette gjaldt i særleg grad frelsesforståinga, både kva frelsa er, korleis ho er komen til og korleis vi får del i henne. Det går rett inn i Kristus-synet og forståinga av forkynninga. Vi har ikkje høve her til å utfalda dette i vidare breidde eller med sine historiske perspektiv.

Om Traasdahls tid i BI skriv kyrkjehistorikaren Heggtveit:²⁰

"Her utførte han et stort og mangesidig arbeide, først som Ordets forkynner gjennom en lang rekke av år, dernest med å veilede og oppdra andre til evangeliske forkynnere. Især på Vestlandet ble han egentlig den som i alt vesentlig representerte den rosenianske kristendomsoppfatning og skaffet den venner både blant lekpredikanter og andre."

Det er grunn til å merka seg Heggveits vurdering av Traasdahls funksjon ved å "veilede og oppdra andre til evangeliske forkynnere". Her ligg etter mi vurdering nøkkelen til den innverknaden Traasdahl fekk, og som jamnt over er undervurdert i kyrkjarahistoriske framstillingar. Det andre er at han representerte ei roseniansk kristendomsforståing og "skaffet den venner både blant lekpredikanter og andre". Dette med å "skaffa venner" er også eit viktig innsteg til å forstå Traasdahls innverknad, spesielt ved at han skaffa slike vener blant "lekpredikanter". Desse hadde stor påverknad gjennom forkynninga, vekkinglivet og foreiningsdanninga.

I tillegg til omfattande forkynning og regelmessige bibeltimar i Bergen la Traasdahl vinn på å vera til hjelp både for søndagsskulelærane og predikantane. Om det siste skriv Heggveit om Traasdahls formannstid i BI:²¹

"I den tid samlet han de lønnede arbeiderne i sitt hyggelige hjem en aften i uken for å veilede og forberede dem til deres arbeid. Dette var uforglemmelig stunder for mange."

På desse samlingane vart det sikkert samtalt om ulike sider ved arbeidet, men det var forkynninga som stod i fokus. Når det skjedde så ofte som ein kveld kvar veke, må det ha hatt høg prioritet og sterk formande makt. Ein av dei som var med, var Andreas Lavik, den seinare indremisjonshøvdingen, og han minnest og vurderer samlingane slik:²²

"En aften i hver uke samlet han alle arbeiderne, lot en av dem innlede eller gjennomgå et skriftavsnitt, hvorover man så samtalte. Og den veiledning som Traasdahl da gav, er noe av det beste nedskriveren av disse linjer har vært med på! Dette bidrog til at det kom til å lyde en klar og varm forkynnelse i Bergens Indremisjon, en forkynnelse som førte igjennom til virkelig frigjort kristenliv."

Som ei meir generell vurdering av Traasdahl skreiv Lavik i 50-årsskriftet for BI ti år etter Traasdahls død:²³

"Han fikk en avgjørende betydning for foreningen, både fordi han i så mange år samlet så store tilhørerskarer og derigjennom rakk så langt med sitt vitnesbyrd, og enda mer på grunn av hans klare evangeliske forkynnelse. Dertil var han en særlig dyktig redaktør og forfatter, en banebryter for lekfolkets virksomhet med hensyn til kristelige blader og bøker."

Summert kan vi ut frå dette seia at Traasdahl fekk stor innverknad ved forkynninga si, og det at han samla mange under talarstolen sin både i Bergen og elles, ved at han var aktiv i ulike kristne arbeidslag og særleg i BI, ved at han rettleia og forma mange av predikantane som virka i Bergen og over store delar av Vestlandet, ved si litterære verksemd og som bokhandlar. Lavik legg vekt på "hans klare evangeliske forkynnelse" og at denne verka til "virkelig frigjort kristenliv". Ved det er vi ved kjernen i kristendomssynet og forkynningssynet. Når det gjeld så gjeld kyrkjesynet, kom påverknaden langs tre liner: ut frå sjølve den frigjerande evangelieforkynninga, ut frå det han lærte om kyrkjesynet slik vi har dette skriftleg og ved at han gav legitimitet og kraft til det kyrkjesynet som rådde i indremisjonen på Vestlandet ved hans virke der. Kyrkjesynsspørsmålet skal vi koma tilbake til, men vi vil først sjå litt meir på hans åndelege syn og på hans oppfatning av forkynninga si oppgåve.

Traasdahls åndelege profil og forkynning

Det er ikkje for sterkt å seia at Jacob Traasdahl var rosenianismens banebrytar i landet vårt, og då særleg på Vestlandet. Bernhard Eide omtalar han som "sjølvaste personifikasjonen av rosenianismen i Norge i denne tida".²⁴ Det må vera ei rett vurdering. I tillegg til at innhaldet i Traasdahls forkynning var uvanleg evangelisk klart, hadde han ei pedagogisk god og frisk forkynningsform. Denne kombinasjonen gjorde at han samla mykje folk og hadde stort gjennomslag.

Det fylgde som eit tidsskifte med Traasdahl når det gjeld kristendomsforståing, forkynningsmåte og vekkingliv. Det var brytingar med "det gamle",²⁵ men faktisk mindre enn ein skulle venta. Det hadde nok sin grunn at det vart utløyst nye åndskrefter, nytt åndeleg liv og store vekkingar på slutten av 1800-talet. Åndsmiljøet rundt Traasdahl var både frigjerande, formande og skapande. Det åndelege synet som voks fram, fekk varig verdi. Det formande arbeidet var i hovudsak gjort i og med Traasdahl, ikkje berre i BI, men på Vestlandet generelt.

Det er ikkje plassen her til å gå gjennom Traasdahls teologiske plassering, hans kristendomssyn og hans oppfatning av forkynninga på dei ulike områda eller totalt sett. Vi skal berre presisera at hans omvendning og korte medlemskap i Metodistkyrkja i Fredrikstad i ungdomen, ikkje sette varige teologiske eller læremessige spor av metodistisk kristendomsforståing i hans åndelege syn og forkynning. Hans lutherske og sterke haugianske bakgrunn verka sterkare. Han utvikla seg innan ei evangelisk-luthersk kristendomsforståing. Det som kom til å prega han sterkast, var samveret med Carl Olof Rosenius, og den kristendomsforståinga og forkynninga han stod for. Vi kan ikkje ta plass her til ein presentasjon av Rosenius og rosenianismen, vi må berre visa til den omfattande litteraturen som finst.²⁶ Gjennom det vi tek fram frå Traasdahl, får vi eit glimt av kjernepunktta i rosenianismen.

Det vil føra for langt å presentera Traasdahls åndelege syn og forkynning ved ein gjennomgang av alt han har skrive. Vi vil i hovudsak konsentrera oss om postillen "Livet i Guds Søn", der første bindet er skrive av Traasdahl åleine og er preiker over kyrkjeårets tekstar etter første rekkje, og der bind to er over tredje rekkje, og er skrive saman med Paul Gerhard Sand. Det er markert kven som har skrive kva, men i sak står dei nok begge inne for alt.²⁷ I andre bøker møter vi kristendomssynet hans gjennom samtalar mellom kristne med ulike oppfatningar. Dette er både av opplysende og sjelesørgerisk karakter, og det er dei som står for ei evangelisk luthersk lære av roseniansk valør, som vinn gjennom. I form minner denne skrivemåten litt om Bo Giertz sin klassiske roman "Steingrunnen". I dei tre nemnde blada var det oppbyggeleg stoff frå Bibelen og orienterande stoff frå kristenlivet. Det var også større artiklar som tok opp læremessige spørsmål og klargjorde desse, ikkje minst med bakgrunn i angrep på rosenianismen – eller det som også vart omtalt som "nyevangelisme", men som etter mi vurdering er ein misvisande språkbruk i norsk samanheng.

Traasdahl byrjar føreordet til bind ein²⁸ av "Livet i Guds Søn" med å sitera skriftordet "Den som har Sonen, har livet. Den som ikkje har Guds Son, har ikkje livet" (1Joh 5.12). Han skriv så: "Hvor inderlig ønsket jeg ikke at de fordringsløse vidnesbyrd som hermed sendes ut i verden, med rette kunne bære den overskrift jeg har gitt dem." Han peikar på at det er "en forvirringens tid" og at det er "mange bedragelige røster", og at "det gjelder at Fredsfyrstens banner blir løftet høyt som det eneste sikre samlingsmerke for alle dem som under tidens forvirring føler trang til et sikkert standpunkt, og som fra storm og uro gjerne vil nå fram til fredens sikre havn." Når han refererer til "tidens forvirring", er dette på den tida då "den moderne tida" med "vantroens vesen" og den

liberale teologien byrja å gjera seg gjeldande både i samfunnet, kulturen, academia og kyrkja – og som ikkje minst biskop J. C. Heuch tok oppgjer med.

Målet med preikene er å gje ”en enfoldig, klar og praktisk framstilling av frelsens vei og alle de farer vi er utsatte for under vandringen”. Hovudpoenget er å gje svar på spørsmålet: Kva skal eg gjera for å verta frelst? ”Og det er alene det gamle, kjære Guds ord som kan gi et fullt pålitelig svar på dette spørsmålet, likesom det alene er Ordets sannheter som kan kaste et rett lys over alle de spørsmål og all den gjæring som er opp i tiden,” skriv Traasdahl.

I det andre bindet refererer utgjevarane i føreordet²⁹ til Paulus si understreking av å forkynna Kristus krossfest (1Kor 1.23;2.2), og kjem så med fylgjande programatiske erklæring som viser deira forkynningsideal:

”Under utarbeidelsen av disse prekener har vi imidlertid vært oss levende bevisst at all vår forkynnelse forfeiler sitt mål om den ikke stadig peker hen på det ”**Gudslammet som bar all verdens synd**”, og utelukkende viser synderen hen til den store yppersteprest og hans offer, når det er spørsmål både om **levendegjørelse og helliggjørelse**.” Uthevingane er gjorde av utgjevarane. Det er ”livet i Guds Søn” som er ”den store hovedsak”. ”Levendegjørelse” går på det å verta kristen (rettferdiggjeringa og atterføding), medan ”helliggjørelse” har med livet som kristen å gjera. Begge deler refererer seg til ”livet i Guds Søn”.

I preika over Joh 1.29-34, som har som tema ”Se, der Guds lam, som bærer verdens synd”, skriv Sand:³⁰

”Den som har lært å kjenne seg selv som en ugudelig og hjelpeløs synder, kan ikke finne trøst ved noe annet enn ordet om den korsfestede. La en preken være så storartet og glimrende den være vil, en stakkers synder går like tom og hungrig hjem fra prekenen som han kom til den, når nåden i Kristi sår ikke er tilbørlig fremholdt.”

Kristi himmelfartsdag er teksten Luk 24.44-53, og det er Traasdahl som skriv. Dette er ein tekstgjennomgang som er svært profilert med tanke på forkynningssynet.³¹ Han tek her opp eit spørsmål om ei ny form for bønne møte som er komen, der ein i forlenginga av møtet innbyr alle til ei slik samling. Her kunne det gå nokså friskt føre seg, og Traasdahl viser til dei omtalte møta som ”disse larmende, støyende bønne møter hvortil hele verden innbydes”. Han har ikkje sansen for slike bønne møte, men presiserer at ”kristne går glipp av store velsignelser når de unnlater å samle seg i forenet bønn for nådens trone”. Problemet er at den nye forma for bønne møte tek plassen for forkynninga og kjem i staden for Guds ord:

”Jeg ser intet eksempel på sådanne moderne bønne møter i Guds ord. Man søker å gjøre bønne møtene til et oppvekkelsesmiddel for verdens barn, og jeg kan tilføye: et avskrekkelsesmiddel for Guds barn. (...) Vår Herre har ikke sagt at vi skal foranstalte bønne møter for å påvirke folk, men vi skal **preke** for dem omvendelse og syndenes forlatelse.”

Vi siterer så eit lengre avsnitt frå denne tekstgjennomgangen som viser Traasdahls forkynningssyn og kva som skal vera tyngdepunktet i forkynninga:

”Vi skal preke – ikke bare om omvendelsens nødvendighet – det skal vi visselig også gjøre – men især til omvendelse – preke slik at folk blir omvendt ved vår preken. Og skal dette skje, må vi ikke fortape

oss i disse evinnelige utmalinger og beskrivelser over omvendelsen, men preke et direkte, inn på hjertet gående ord, som virker omvendelse. Vi har tilstrekkelig erfaring for hvorledes menneskene blir sittende uberørte og upåvirket av disse pene læreforedrag og beskrivelser. Vi skal søke å stille synderen fram i Ordets belysning og gå like løs på han med denne sannhet: "Du er mannen." Vi skal stevne han inn for lovens domstol, ikke preke for å ha preket, men ta sikte på selvskhetens døde ro med det tveeggede sverd, som trenger inn til marg og ben og dømmer over hjertes tanker og råd. Og så skal vi ikke bare preke om syndenes forlatelse, men se til å preke forlatelsen inn i de ulykkelige og fredløse sjeler ved å forkynne en hel Kristus for dem, en inderlig varm, trofast syndervenn, som allerede har utslettet deres synder ved sitt blod og nå lengter etter å få fylle deres hjerte med syndsforlatelsens salige trøst."

I 1891 skriv Traasdahl gjennom ti nummer (!) av "Fredsbudet" ein grundig kommentar til ein strid som hadde oppstått mellom den kjende presten Storjohann og den like kjende klokkar Jørgensen.³² Dette var i røynda eit omfattande angrep frå Storjohann (som også hadde hatt tilknytning til BI) på rosenianismen (av Storjohann omtalt som "nyevangelisme"). Han hadde funne minst 24 farlege villfaringar der. Etter at Traasdahl hadde gått gjennom alle klagemåla, konkluderte han slik:³³

"Ved Guds nåde vil vi dog vedbli å preke den korsfestede Kristus, jødene en forargelse og grekerne en dårskap og ved han skal vi seire. Våre motstandere skulle komme til å måtte "bite i gresset"; for sannheten, som vi søker å forfekte, frigjør både seg selv og oss. "Vi formår intet mot sannheten, men for sannheten." Sannhetens Herre og Konge, vår dyrebare Frelser og Forløser, Lammet, som er slaktet og som har kjøpt oss til Gud med sitt blod, være lovet og priset til evig tid. Amen."

Den vekta som vi gjennom desse sitata ser Traasdahl legg på forkynninga, og då særleg Kristus-forkynninga, skulle vera nok til å få fram essensen i kristendomssynet hans og i forkynningssynet – og dette svarar til det vi finn i rosenianismen generelt og i vekkingslivet på Vestlandet historisk sett. Det viser ein vilkårslaus tillit til Guds ord og til Guds ord som nådemiddel og atterfødingsmiddel, då ved at Ordet stiller syndaren inn for Guds domstol (lova) og Ordet "preker forlatelsen inn" i syndaren ved budskapet om Lammet (evangeliet). Kristendomsforståinga og forkynningsforståinga vert Kristus-orientert. Vi går ikkje vidare inn på dette, men brukar det som bakgrunn for å koma til rette med Traasdahls kyrkjesyn.

Traasdahls kyrkjesyn

Ein skal ikkje lesa mykje av det Traasdahl har skrive, for å sjå at det ikkje er kyrkjesynet som står i fokus, men Kristus-forkynninga. Det gjer at hans kyrkje- og embetssyn vel så mykje må lesast ut av hans totale kristendomssyn og ut frå den samanhengen han virka i, som direkte ved å visa til skriftlege utsegner. Vi skal kort skissera det kyrkjesynet som naturleg veks fram på denne måten.

For det første: Vi har sett at Kristus som Guds lam til soning for syndene våre, og forkynninga av dette til tru og frelse, er det sentrale hjå Traasdahl. Kyrkje- og embetssynet må stå i samsvar med det, vera innafor det og tena dette. Då er vi ved ein evangelisk-luthersk innfallsvinkel der forkynninga er sentral for kyrkjeforståinga. Traasdahl hadde eit luthersk syn på dåp og nattverd – og han forkynte det når teksten la til rette for det, men han er ikkje sakramentalt orientert i si tenking eller i sin praksis. Det er Ordet og forkynninga som er dreiepunktet, då med Kristus krossfest som det sentrale innhaldet. Embete eller tenesta vert Ordets teneste, som i lutherdommen generelt.

Denne Kristus-orienterte tenkjemåten, der Ordet om Kristus set syndaren fri og fører inn i eit nytt åndeleg liv, fører direkte inn i det allmenne prestedømet. Ved at Kristus er mellommannen og vi står i direkte samfunn med han gjennom Ordet, vert det ikkje spesialtenester ut over det som ligg i kall, arbeidsfordeling og nådegåver. Det svarar til at den evangelisk-luthersk rettferdiggjeringsslæra dannar basis for og fører inn i det allmenne prestedømet der alle står likt for Gud i Kristus. Her finn vi essensen i eit evangelisk kyrkjesyn, ikkje minst slik det fylgjer av den forkynninga vi har sett hjå Traasdahl, og slik det har vorte forstått i lekmannsrørsla på Vestlandet. Det allmenne prestedømet og Ordets nådemiddel må då verta berande i Traasdahls kyrkje- og embetssyn.

For det andre: Jacob Traasdahl hadde det meste av arbeidstida si innan indremisjonen på Vestlandet, og både forma og fremja det denne stod for. Vi finn ikkje at han distanserer seg eller avvik på noko område, heller ikkje i kyrkjesynet. Det er naturleg å rekna med at han stod for det BI og DVI stod for. Med sin kapasitet og sin penn ville han nok visst å markera seg om det var noko han var usamd i. Det same ville vore andre vegen. Særleg ville Andreas Lavik gjort merksam på om det var element hjå Traasdahl som han og indremisjonen ikkje kunne fylgja. Det gjer han ikkje. Han framhevar tvert imot Traasdahl som den formande krafta i den avgjerande perioden for framvoksteren av indremisjonen og bedehusarbeidet i det heile. Ut frå dette må vi kunna leggja til grunn at Traasdahl var eitt med det kyrkjesynet som vart rådande på bedehuset, og at han både indirekte ved sin person og si verksemd og direkte ved det han stod for og forkynte, ikkje berre fremja dette synet, men i stor grad forma det.

Då BI vart skipa i 1863, var dette på mange måtar eit pionerarbeid. Det skulle formast eit nytt arbeid i ei ny tid. Dei måtte finna både ein organisatorisk, ein arbeidsmessig og ein teologisk veg. Dette høyrde saman, og det måtte finna sin plass i høve til den offisielle kyrkja med sine prestar. Sjølv om dette var 60 år etter Hans Nielsen Hauge hadde gjort hovudgjerninga si og 20 år etter Konventikkelplakaten vart oppheva, hadde det frie lekmannsarbeidet på denne tida enda ikkje funne sin plass fullt ut. Det stod framleis teologisk strid om den frie lekmannsforkynninga. Ved skipinga plasserte BI seg innafor den statskyrkjelege ramma og med eit positivt forhold til prestane, men foreininga var frå første dag fri og sjølvstendig. Det kan vera at ein frå starten tenkt at prestar skulle ta seg av forkynninga, men slik vart det aldri. Det som måtte vera uavklart med tanke på forkynningsfridomen i BI, kom straks til avklaring reint praktisk. Styret fekk ikkje tak i ein arbeidar som kunne tilsetjast fast, og styret tok då oppgåva med å halda møte og forkynna Guds ord sjølv. Den frie lekmannsforkynninga kom også på plass ved ei lovending etter eitt år, altså i 1864.³⁴

Då Jacob Traasdahl vart kalla til Bergen i 1870, var dei prinsipielle spørsmåla knytt til kyrkje- og embetssynet avklarte, og han gjekk inn i det synet og den praksisen som var etablert. Dette vidareførte og konsoliderte han i sin periode som formann i BI. Traasdahl og BI må reknast å vera eitt i kyrkjesyn, og då med vekt på det allmenne prestedømet og Ordets forkynning.

Som vi har sett, var "gubben" Traasdahl med ved skipinga av DVI i 1898. Han var med i komiteen som førebudde skipinga og som gjennomførte skipingsmøtet, saman med O. K. Grimnes og Andreas Lavik. Grimnes vart den første formannen og Lavik den første (general-)sekretæren. Sjølv om Traasdahl ikkje fekk nokon sentral posisjon i den nye organisasjonen, og sjølv om det var Lavik som førte i pennen det meste og heldt dei profilerande føredraga ved skipinga, var Traasdahl eitt med det som skjedde. Både i førearbeidet til skipinga, ved det formande føredraget i skipingsmøtet og gjennom vedtaka i møtet vart det gjort svært tydeleg kva læremessig basis og kva kyrkjesyn DVI skulle byggja

på. Det store spørsmålet var korleis indremisjonen og emissærane skulle stilla seg til det kyrkjelege embetet, altså til prestane i Den norske kyrkja.³⁵

Her bør vi også vera merksame på at DVI vart skipa i tilknytning til Haustmøtet i BI, eit stormøte som BI byrja med 1894.³⁶ DVI vart med det skipa innan det åndsmiljøet som rådde i BI, og som Traasdahl hadde vore den formande krafta i. Utanom Bergen var det spesielt frå Sunnmøre det hadde vore ivra for å danna ei indremisjonsamanslutning for Vestlandet på tydeleg lågkyrkjeleg lekmannsgrunn. Ein av pådrivarane var Grimnes, som hadde vore prest i Ålesund og no var prest i Bergen. Åndsmiljøet på Sunnmøre var av radikal lekmannskarakter av same typen som i Bergen, og ut frå same rosenianske kristendomsforståing og forkynningsprofil som Traasdahl og BI stod for, særleg representert ved P. G. Sand og dei omfattande vekkingane han stod i i Ålesund-området på slutten av 1800-talet.

I debatten om forholdet til kyrkja og prestane fremja ein prest fylgjande forslag til vedtektene for DVI: "Forbundet bør i sin virksomhet stille seg i støttende og samarbeidende forholdet til det kirkelige embetet, hvor dette stiller seg velvillig likeoverfor indremisjonsarbeidet." Dette svarte til det komiteen hadde fremja og til Indremisjonsselskapets lover, men framlegget førte til sterk debatt – og det førte igjen til at nettopp Jacob Traasdahl la fram eit alternativt forslag, som lydde slik:

"Forbundet vil i sin virksomhet så langt som mulig stille seg i støttende og samarbeidende forhold til innehaveren av det kirkelige embetet."

Dette vart vedteke, og det har seinare vore DVI sitt syn. I første omgang kan det synast å vera liten forskjell mellom dei to forslaga, og praktisk sett er heller ikkje forskjellen stor, men prinsipielt er det ein avgjerande skilnad. Det første føreheld seg til sjølve "embetet", medan det andre føreheld seg til "innehavaren" av embetet. Det første refererer seg med det til embetsordninga, medan det andre held seg til personen som er i tenesta. Den store prinsipielle forskjellen er altså at det siste baserer seg på personleg tillit til presten, ikkje til presten som embetsberar.

Det at Traasdahl var den som formulerte og fremja framlegget, viser at han stod for og aktivt arbeidde for det kyrkje- og embetssynet som dette avspeglar, og at han ikkje berre var passiv eller lojal i høve til det BI og DVI stod for. Han var med og forma og formulerte den tydelege og radikale lekmannsprofilen til DVI. Slik sett har Traasdahl spela ei aktiv rolle eksplisitt med tanke på kyrkjesynet i indremisjonen på Vestlandet, og det spring naturleg ut frå hans Kristus-syn og forkynningssyn, og som var dominerande blant lekfolket og vekkingfolket her vest.

Med tanke på kyrkjesynet bør ein også merka seg at ved skipinga av DVI vart det vedteke å gå i gang med bladet "Sambåndet". I programmet for bladet heiter det: "Bladet vil inneholde stykker til oppbyggelse. Det vil også peke på en sann og bibelsk menighetsordning og søke å opparbeide menighetssans blant de troende." Bladet skulle altså ha ein kyrkjepolitisk funksjon på lågkyrkjeleg basis, men det låg også i dette ei dragning mot frikyrkje – men det sporet kan vi ikkje fylgja her.³⁷ Ein av redaktørane var P. G. Sand, og han skulle primært arbeida med det som gjekk på "en sann og bibelsk menighetsordning" – utan at dette var utforma enda. Av helsemessige og arbeidsmessige grunnar vart det lite av det. Poenget her er at det nære forholdet mellom Sand og Traasdahl med dette også seier noko om kor Traasdahl stod i kyrkjesynet og kva han ville fremja i DVI. Dessutan stod fleire av dei faste medarbeidarane i bladet for eit markant lågkyrkjeleg og radikalt lekmannsyn.³⁸

Bernhard Eide skildrar avslutninga på Haustmøtet og skipingsmøtet for DVI slik:³⁹ "Til slutningsfesten vart Betlehem fylt til trengsel. Det var noko av ein "fest" berre å sjå den gamle gubben med det lange, sjølvgrå skjegget, Jakob Traasdahl, stå på talarstolen og halda festtalen." Ut over at dette er ein artig omtale av ein 60-åring, gjev det eit vink om den posisjonen Traasdahl hadde!

For det tredje: Vi har med dette sett at Traasdahl ikkje berre gjennom kristendomsforståinga si og den praktiske tenesta i indremisjonen la grunnen for og fremja eit lågkyrkjeleg syn og eit fritt lekmannsarbeid, men at han også gjorde det aktivt ved skipinga av DVI. Synet hans er med det skriftleg formulert og dokumentert på eit sentralt punkt og i ein viktig samanheng. I forkynning og skrift var han generelt mest oppteken med spørsmål knytt til forsoninga, omvendinga, rettferdiggjeringa, det kristne livet og trua, altså spørsmål som gjekk direkte på frelsa og livet med Gud. Han let nok andre i stor grad føra ordet og pennen når det gjaldt kyrkje- og lekmannssynet, men det finst kyrkjesysspør også i det han har skrive.

I preikene i "Livet i Guds Søn", som vi her stort sett har halde oss til, er det jamngodt med ingen ting som kan seiast å vera ei framstilling av kyrkje- og embetssynet på læremessig eller prinsipielt vis. Derimot er det ein del som går på kristne si teneste generelt, og særleg på det som gjeld forkynnartenesta og innhaldet i forkynninga. Dette gjeld både det Traasdahl og det Sand har skrive, men Sand er kanskje den som tek denne typen spørsmål mest opp og som er skarpast i formuleringane. Med tanke på utsendingar i ytremisjonsarbeidet skriv han:⁴⁰

"Sådanne menn bør utsendes som har den tillit til evangeliet, at det har kraft i seg til å omskape hedningenes hjerter, og den tillit til Gud, at han etter sitt løfte vil la sin ånd være med evangeliets budbærere, samt stadfeste ordet ved medfølgende tegn."

Denne tilliten til Guds ord og det at ein er heilt og fullt avhengig av Gud og hans ord, vert framheva mange gonger. I ei preike som omhandlar hyrdingtenesta, både Jesus som overhyrdingen og hans tenarar som underhyrdingar, talar Traasdahl, med tanke på "sauen", om at hyrdingen må ha makt til "å få stanset den i sitt syndeløp" og få han tilbake til "den rette fårestien", og då heiter det:⁴¹ "Denne makt utøver et Herrens vitne ved ordet, det **levende, kraftige** Guds ord, som han på en praktisk og etter omstendighetene avpasset måte forstår å forkynne det."

Det gjeld om at Herren må få driva arbeidarar ut, og det må Guds folk be inderleg om. Om dei som er udugelege hyrdingar fordi dei ikkje er drivne ut av Gud, vert det sagt:⁴² "Vi må be Gud drive dem ut av de døde og kalde teoriernes luftige lysthus og inn i den levende hyrdeomsorgens nidkjære arbeid, drive dem ut av sorgløshetens sløve ro og fylle deres hjerter med en brennende trang etter å få vinne sjeler for Guds rike."

At det er forskjell på ulike tenester, er klart, men i siste instans har alle kristne del i all teneste. Hovudsaka er å vinna folk for Guds rike. I det å vera eit Guds barn ligg både ein rett og ei plikt til å tena Gud. Om det skriv Sand i tilknytning til Jesus som overhyrding og kallet til medarbeidarar som underhyrdingar:⁴³

"I snevrere forstand er kun menighetsforstandere, som man hos oss kaller prester, slike underhyrder, men i mer utvidet betydning kan man kalle enhver som arbeider for Guds rikes sak, en hyrde. Og da det er enhver troendes både rett og plikt etter Guds ord å virke etter beste evne for at sjeler kan

vinnes for Herren og bevares for ham, er i virkeligheten ethvert sant Jesu får til like hyrde for andre får.”

Om tenesta og kallet generelt til Guds folk, skriv Traasdahl:⁴⁴

”Er du en levende kristen, min venn, da er her felter nok å arbeide på, om du overlater Herren sitt. Det er ikke med hensyn til våre kalls- og kristenplikter at Herren sier at det går like godt med Guds rikets vekst enten vi sover eller våker, enten vi gjør noe eller intet. Har du tatt imot det ”skjulte liv med Kristus i Gud”, så har du også fått nye livskrefter og nye evner til både å forarbeide din egen sjels saliggjørelse og til å kunne utrette noe for Herren i hans vingård. Og brødre, ”la oss arbeide mens det er dag, natten kommer da ingen kan arbeide”.”

I sine oppbyggingsbøker som er i forteljings- eller romansjanger, kan det knapt seiast at det er noko grundig drøfting eller prinsipiell gjennomgang av kyrkjesynet, men kyrkjesynet kjem like fullt sterkt til uttrykk i sjølve forteljinga, og i dei samtalane som er mellom folk av ulik kristendomsforståing og i ulike åndelege fasar i livet. Traasdahl er tydeleg på at CA14 om det kyrkjelege embetet, ikkje berre omfattar presten, men også lekpreikaren og med det gjev rom for det frie lekmannsarbeidet.⁴⁵ Autoriteten kjem ut frå det som vert lært og forkynt. Då misser soknepresten autoritet når han ikkje lærer evangeliet rett, medan kapellanen vinn autoritet ved rett bruk av lov og evangelium – og tilsvarande er det med lekmenn.⁴⁶

Vi brukar her eit par døme frå ”Vulkanen”.⁴⁷ Det som då er mest påfallande, er at det går ut på eitt om det er gardsdrenge, gamle Ole, fru Lyng, lekpreikaren eller presten som fører ordet og som fører inn i dei åndelege sanningane – hovudsaka er at det er eit sant Guds ord som vert talt, eit sant evangelium som vert formidla og ei sann tru på Kristus som vert skapt. Poenget er ikkje personen eller ”embetet”, men at det vert forkynt klart og tydeleg til den som har problem med synda si, at Jesu, Guds Sons blod reinsar frå all synd. I dette ligg eit kyrkjesyn der vekta ligg på bodskapen. Det kom ein ung og ivrig forkynt til bygda, men han preika korkje lov eller evangelium. ”Du preker ikke Kristus, men Adam,” fekk han høyra.

Det er tydleg at Traasdahl er oppteken av at dei unge og dei nyfrelste må få koma til med sine vitnemål, til oppbygging og utvikling. Samstundes opnar han for at det bør veljast ”broderråd” rundt om i veneflokkane – ”Noen eldre brødre som hadde tilsyn med den frie virksomhet.” Det er ein tendens til at lekfolket har ”et alt for snevert syn for vårt ansvar som forsamlingsmedlemmer”. Han er også oppteken med at nådegåvene må koma til sin rett, og at ein ikkje einsidig baserer seg på omreisande emissærer:

”Men vi tør våge den påstand at emissærene ofte har stor skyld på seg for at de mindre nådegavene ikke kommer frem og blir tatt i bruk. Emissærene og de eldre kristne skulle lete opp nådegavene og sette dem i virksomhet.”

Med det er vi komne så langt vi rekk i denne samanhengen, og det må ut frå Jacob Traasdahls totale kristendomssyn og hans tenesteplassering i BI og på bedehuset på Vestlandet, vera rett å seia at hans åndelege syn og forkynting på avgjerande måte var med og prega både frelsesforståinga og kyrkjesynet, særleg det som gjeld evangelieforkynninga og det frie lekmannsarbeidet. Ordet om den frie nåden for Kristi skuld, og med det fridomen i Kristus, gav eit fritt syn på tenesta og forkyntinga. Fridomen i Kristus sette til teneste, og då uavhengig av eit bestemt kyrkjeleg embete. Denne tenesta

låg primært i Guds ord og den frigjerande makta som ligg i ordet om Kristus, der folket ved Guds lov er vekke for syndene sine. Dette er eit kyrkjesyn ut frå det allmenne prestedømet og nådegåvene, og der nådegåvene både gjev vitneteneste og åndeleg leiarskap – alt i teneste for bodskapen til syndaren om at Jesu blod reinsar for all synd.

Noko prinsipiell og omfattande utforming av dette har vi så langt ikkje funne hjå Traasdahl.⁴⁸ Vi må dessutan vera merksame på at spørsmålet om fri nattverd og fri dåp kom med tyngde etter Traasdahls tid, men det kan ikkje vera tvil om at han ville fylgt Ludvig Hope i dette – særleg ut frå det engasjementet Andreas Lavik viste her. Også spørsmålet blant indremisjonsfolket om frikyrkje kom i stor grad etter Traasdahls tid, også her er det truleg at han ville fylgt Lavik som var prinsipielt frikyrkjeleg – utan at dette ville vore den store saka for Traasdahl, til det var Kristus-forkynninga for dominerande.

Eit memento

Til slutt: Mikkel Vigilius innleiar føreordet til avhandlinga si⁴⁹ med å fortelja ein episode frå då han var med i ei gruppe som arbeidde med å starta ein evangelisk luthersk kyrkjelyd. Dei laga eit hefte som grunn gav kvifor dei gjorde dette, og korleis dei tenkte om forsamlinga. Han gav heftet til han som på denne tida var rettleiaren hans ved skriving av doktorgradsavhandlinga. Han visste dei såg ulikt på fleire ting, men til hans overrasking var mannen positiv til heftet – men så kom det: ”Jeg kan være bange for, at I går hen og bliver kirke-centrerede i stedet for Kristus-centrerede.”

”Den formaning har jeg aldri glemt,” føyer Vigilius til. Det er ei utsegn som også har bite seg fast i meg etter eg las henne. Dette skulle vera eit memento som er like aktuelt for biskop Roald Flemestad i Den nordisk-katolske kyrkja, som det er for dr. phil. Mikkel Vigilius i Danmark og for underteikna i Bedehus-Noreg. Jacob Traasdahl kom godt ut av dette dilemmaet, med sitt fokus på og forkynning av ”Livet i Guds Søn”.

¹ Mail frå Ottar Myrseth 5/10 -12

² Nyt Liv nr. 2/12

³ LogosMedia 2005. Doktorgradsavhandlinga ber tittel: ”Ecclesiola in ecclesia i Skandinavien 1800-2000. En kirkelig fællesskabsforms historiske fremvækst, udvikling og opbrud

⁴ Mail 10/10 -12

⁵ Mail 23/10 -12

⁶ Johannes Kleppa, Hør Herrens Ord, Bergen 1993 s. 26-29

⁷ Norvegia Sacra 1922, s. 203-211

⁸ Bilete på fontveggen i det gamle Betlehem i Bergen var mala av han, jfr. omslaget på Hør Herrens ord.

⁹ Sjå kort om Traasdahl og denne hendinga i Ocar Handeland, Vårlyøysing bind I s. 168-172

¹⁰ Den Indre Misjon i Kristiansund N. 100 år, 1867-1967, s. 14f

¹¹ Heggveit s. 206

¹² Heggveit s. 203

¹³ ”Ein torer vel seia, at millom norske kristne i nyare tid er det faa som har gjort større arbeid med pennen enn Traasdahl,” skriv Oscar Handeland, Vårlyøysing bind I s. 171

¹⁴ Referert etter Bergens Indremisjon gjennom 75 år (s. 42), skrive av P. S. Eikrem, som tydeleg gjev si tilslutning til dette.

¹⁵ Sambåndet nr. 44/1903

¹⁶ Andre av denne typen bøker er: Veien mellom avveier, Lys og irrllys, Vulkanen m.fl.. Nokre av bøkene er seinare utgitt på nytt med nye titlar.

-
- ¹⁷ Dette er også Heggveits vurdering, s. 210
- ¹⁸ Heggveit s. 208
- ¹⁹ Bernhard Eide, Det Vestlandske Indremisjonsforbund gjennom 50 år s. 83
- ²⁰ Heggveit s. 207
- ²¹ Heggveit s. 208
- ²² Dette har både eg og andre referert i ulike samanhengar, men det har falle ut for meg kor Lavik opphaveleg skreiv det.
- ²³ Bergens Indremisjon 50 år s. 12
- ²⁴ Det Vestlandske Indremisjonsforbund gjennom 50 år s. 18
- ²⁵ Dette kjem tydeleg fram gjennom samtalone i bøkene hans.
- ²⁶ Eg vil særleg visa til P. Verner Hansens biografi "Født på ny. Om Carl Olof Rosenius", OKAY-BOG, Århus 1987, og til Konrad Stormarks avhandling "En for alle og alle for en", Luther forlag 1981
- ²⁷ J. Traasdahl. Livet i Guds Søn. Kristiansund. L. E. Tvedtes forlag. 1898
- J. Traasdahl og P. G. Sand. Livet i Guds Søn. Trondhjem. C. Sarheim & Co.s Forlag. 1925
- ²⁸ I mi utgåve er det ikkje sidetal så tidleg i boka, men føreordet er datert 1887.
- ²⁹ Her er ikkje føreordet datert, men det er signert Utgiverne, og signaliserer med det at begge går gode for alt i boka.
- ³⁰ Livet i Guds Søn, 3. tekststykke s. 147 (alle tilvisingane er frå dette bindet)
- ³¹ Livet i Guds Søn s. 285-291
- ³² Fredsbudet nr. 1-10/1891
- ³³ Fredsbudet nr. 10/1891 s. 76
- ³⁴ Til desse problemstillingane, sjå underteikna si framstilling i Hør Herrens ord s.18f
- ³⁵ Sjå til skipinga av DVI og debatten rundt kyrkjesyntet og vedtektene, Det Vestlandske Indremisjonsforbund gjennom 50 år s. 73-90 og Johannes Kleppa/Paul Odland, Ordets folk s. 54-62
- ³⁶ Sjå Hør Herrens ord. Høstmøtet 100 år. Bergens Indremisjon 1863-1993
- ³⁷ Om frikyrkjetanken i DVI, sjå underteikna si framstilling i Ordets folk s. 102-107
- ³⁸ Til Sambåndet og programmet for dette, sjå underteikna si framstilling i Ordets folk s. 65-69
- ³⁹ Det Vestlandske Indremisjonsforbund gjennom 50 år s. 89
- ⁴⁰ Livet i Guds Søn s. 76
- ⁴¹ Livet i Guds Søn s. 143
- ⁴² Livet i Guds Søn s. 142
- ⁴³ Livet i Guds Søn s. 250
- ⁴⁴ Livet i Guds Søn s. 124
- ⁴⁵ Sann eller falsk frihet (Lys eller irrllys), Kilden forlag s.91f
- ⁴⁶ To samtalar i Sann eller falsk frihet, Kilden Forlag s. 60 – 93 dokumenterer dette på ein god måte.
- ⁴⁷ Her etter utgåva frå Kilden forlag, 1989
- ⁴⁸ Her må eg gjera merksam på at eg i denne omgang ikkje har hatt tid og høve til å gå gjennom årgangane for dei blada Traasdahl gav ut. Det har eg tidlegare for ein del gjort, men ikkje ut frå kyrkjesyntsspørsmålet. Eg vil tru at her må vera noko om dette. Det same gjeld årsmeldingane for BI, som er svært gode.
- ⁴⁹ Kirke i kirken s. 9